


Plan for kompetanse- utvikling 2009-2012

Tiltak 2010-2011



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Plan for kompetanseutvikling 2009-2012

Strategi og tiltak 2010-2011

INNHALDSLISTE:

1.0	OVERORDNA FØRINGAR	2
1.1	OVERORDNA NASJONALE FØRINGAR	2
1.2	OVERORDNA FYLKESKOMMUNALE FØRINGAR.....	3
2.0	MÅLSETTING FOR LOKALE SATSINGAR I STRATEGIPERIODEN 2009-2012.....	3
3.0	STRATEGIAR FOR KOMPETANSEUTVIKLING.....	4
3.1	NASJONALE STRATEGIAR.....	4
3.2	LOKALE STRATEGIAR	5
3.3	ROLLER OG ANSVARSFORDELING	6
4.0	UTVIKLINGS- OG TILTAKSOMRÅDE FOR 2009 - 2012	7
4.1	LÆRANDE ORGANISASJONAR.....	7
4.2	LEIARUTVIKLING	7
4.3	UTVIKLING AV LÆRARROLLA	7
4.4	SATSING MOT FRÅFALL.....	8
4.5	VURDERING AV ELEVANE SI LÆRING	8
4.6	DEN DIGITALE SKOLEN	9
4.7	TILPASSA OPPLÆRING/SPECIALUNDERVISNING	10
4.8	FAG- OG YRKESOPPLÆRING	10
4.9	VAKSENOPPLÆRING	11
4.10	KVALITETSVURDERING	11
5.0	PRIORITERINGAR FOR PERIODEN 2010-2011	12
5.1	ETTER- OG VIDAREUTDANNING AV LÆRARAR	12
5.2	ANDRE TILSETTE I SKOLE – STØTTESYSTEM	13
5.3	PRIORITERINGAR FOR FAG- OG YRKESOPPLÆRINGA	13
6.0	OVERSIKT OVER TILTAK FOR KOMPETANSEUTVIKLING 2010/2011.....	15
6.1	LÆRARAR	15
6.2	ANDRE TILSETTE I SKOLE – STØTTESYSTEM	16
6.3	FAG- OG YRKESOPPLÆRINGA	17
7.0	FINANSIERING 2010	18

Plan for kompetanseutvikling – strategi og tiltak 2010-2011

Denne planen viser målsetting, strategi og tiltak som skal bidra til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for alle fylkeskommunalt tilsette som arbeider med vidaregåande opplæring, og for fylkeskommunen sitt bidrag til kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i bedrift. Strategiperioden går frå 2009 fram til 2012, men den raske utviklinga tilseier at planen får ei årleg rullering i perioden. Planen vil vere ein reiskap for å nå vedtekne nasjonale og fylkeskommunale mål. Planen vil avløyse tidlegare plan for *Kunnskapsløftet. Strategisk plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2005-2008*. I løpet av denne strategiperioden vart det laga 4 årlege tiltaksplanar.

1.0 Overordna føringar

1.1 Overordna nasjonale føringar

Opplæringslova § 10-8 seier at skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonalet, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling.

Kompetanse for utvikling var ein nasjonal strategi for 2005-2008 som skulle sikre kompetanseutvikling i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Strategien famna heile grunnopplæringa frå barnetrinnet til opplæring i bedrift. Skoleeigarane har kvart år i denne perioden mottatt betydelege øyremerka statlege midlar til etter- og vidareutdanning.

I *St.meld nr. 31 (07/08) Kvalitet i skolen* blei det lagt grunnlag for ein ny statleg satsing for kompetanseutvikling. Dei varsla mellom anna ei varig satsing på vidareutdanning for det pedagogiske personalet. Manglande fagleg fordjuping, særleg i grunnskulen, er vurdert som ei nasjonal utfordring. Men og i vidaregåande opplæring er det store skilnader i fagleg fordjuping.

Statsbudsjetta for 2009 og 2010 følgjer opp stortingsmeldinga med 400 millionar kroner årleg til etter- og vidareutdanning. Ein stor del av midlane skal no gå til utviklingsarbeid ved universiteta og høgskolane. Dette vil sikre kvalitet på tilboda, men det vil og gi mindre statlege midlar direkte til lokale skolar og skoleeigarar. Størstedelen av midlane til etter- og vidareutdanning blir tildelt Fylkesmannen, og skoleeigarane kan søkje på desse.

I eit samarbeid mellom KS, lærarorganisasjonane, universiteta og høgskolane og statlege utdanningsmyndigheiter er det utvikla ein nasjonal strategi for varig system for vidareutdanning; *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar*. Tiltaka i den statlege strategien skal inngå i ein heilskapleg lokal plan som omfattar alle typar kompetanseutviklingstiltak retta mot målgruppa. Kompetanseutvikling er eit lokalt ansvar som må vere forankra i lokale behov, på den enkelte skole og hos den enkelte lærar. Skoleeigar og skolane må ha langsiktige planar for kompetanseoppbygging. Universitet og høgskolar må bygge opp tilbod og ha kapasitet til å dekke behova.

Opplæringslova §4-8 viser oppgåvene til fylkeskommunen knytt til fag- og yrkesopplæringa. Mellom anna skal fylkeskommunen rettleie og følgje opp lærebedriftene. Karlsenutvalgets rapport *Fagopplæring for framtida (NOU 2008:18)* viser til at store og raske endringar i arbeidslivet fører til at yrkesfaglærarar har stort behov for regelmessig fagleg oppdatering og påfyll. Utvalet foreslår at det bør vere ei rett og plikt for yrkesfaglærarar å delta på etterutdanning. Dei foreslår at krav til rettleiarkompetanse for instruktørar blir styrka, og at dei bør få dekka tapte arbeidsforteneste når dei deltar på kurs. Vidare foreslår dei at det vert utvikla eit system for hospitering og utveksling av personale mellom skole og arbeidsliv. Staten følgde opp med midlar i 2009 til etterutdanning for aktørar innan fag- og yrkesopplæringa.

1.2 Overordna fylkeskommunale føringar

Denne planen skal sikre ei heilskapleg satsing på all kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring, som fylkeskommunen har ansvaret for. Den byggjer på strategiar og føringar som tidlegare er vedtekne politisk og/eller administrativt.

- Styringsdokument frå Opplæringsdirektøren 2010-2011
- System for verksemdbasert vurdering, februar 2010
- Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning 2008-2012
- Mål og strategiplan med handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2008-2011
- Strategi for leiarutvikling i Hordaland fylkeskommune 2009-2013
- Strategiplan for vidaregåande opplæring i Hordaland 2006-2010
- Strategiplan for livslang læring i Hordaland 2006-2010
- Den digitale skole 2007-2010
- Fylkesplanen

1.2.1 Kompetanseutvikling i skolane og støttesystema

I føringar frå Opplæringsdirektøren *Styringsdokument 2010 - 2011*, er hovudmålsettinga for opplæringa definert som auka læringsutbytte og fullføring. For skoleåret 2010/2011 har Opplæringsdirektøren valt tre utviklingsområde; Elevane si læring og læringsmiljø, Lærarrolla og Lærande organisasjon. Tiltaksområda frå Styringsdokumentet 2009/2010 er vidareført;

- Vurdering av eleven si læring
- Den digitale skole

Desse føringane ligg til grunn for denne planen for kompetanseutvikling. Rullering av kompetanseplanen vil følgje opp Opplæringsdirektøren sine føringar slik dei vil kome til uttrykk i komande styringsdokument i perioden.

Den digitale skole 2007-2010 - Overordna strategi for Hordaland fylkeskommune. Denne planen seier at hovudtyngda av kompetansehevinga for dei tilsette må skje på skolen, som interne kurs og i det daglege arbeidet. Til dette kan skolen nytte egne "superbrukarar", dei regionale e-Pedagogane og fagbibliotekarane. I etterkant av denne planen er det og etablert e-Koordinatorar ved alle dei vidaregåande skolane. Frå skoleåret 2010/2011 skal Den digitale skolen avsluttast som prosjekt og gå inn i driftsorganisasjonen. Kompetanseheving vil framleis ha prioritet, jf Styringsdokument 2010/2011.

Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning 2008-2012 viser til kompetanseheving av lærarar og miljøassistentar gjennom samarbeid og nettverksbygging (FAU for særskilt tilrettelagt opplæring). Kurstilbod skal utviklast i samarbeid med StatpedVest. Det skal og satsast på rekruttering og vidareutdanning

Strategisk plan for skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland 2005-2010 viser til utvikling av skulebiblioteka, der nettverk og fagleg forum for skulebibliotekarane er eit av tiltaka.

1.2.2 Kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa

Mål og strategiplan med handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2008-2011 seier at Fagopplæringskontoret skal arrangere kurs for målgrupper i lærebedriftene, dvs. instruktørar, faglege leiarar, daglege leiarar og prøvenemndene. Kursa skal og vere opne for faglærarar i vidaregåande skole for å utvikle samarbeidet skole/arbeidsliv. Planen legg og vekt på intern kompetanseutvikling og endringskompetanse ved Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga.

2.0 Målsetting for lokale satsingar i strategiperioden 2009-2012

Fylkeskommunen sin visjon for kompetansepolitikken (jfr. Fylkesplanen -08): *Hordaland skal vere ein lærande region der kompetanse vert systematisk utvikla og nytta i eit samspel mellom dei som tilbyr utdanning og opplæring, arbeidslivet, organisasjonane og den enkelte innbyggjar.*

Opplæringsavdelinga sitt hovudmål for lokale satsingar er å auke elevane og lærlingane sitt læringsutbytte og fullføring.

Målet skal nåast gjennom følgjande delmål:

- Vidareutvikle system for kompetanseutvikling for lærarar, skoleleiarar og rådgjevarar i skolen, og for instruktørar og faglege leiarar i lærebedriftene, som bidrar til å:
 - auke lærarane sin faglege, didaktiske og pedagogiske kompetanse
 - utvikle fagleg erfaringsutveksling og deling av kompetanse mellom tilsette
 - gi fleire lærarar tilbod om formell vidareutdanning
 - utvikle skoleleiinga og skolen som lærande organisasjon
 - auke instruktørar og faglege leiarar sin kunnskap om Kunnskapsløftet og kompetanse i rettleiing av lærlingar
 - auke dagleg leiar og fagleg leiar sin kompetanse om rolla som lærebedrift
 - betre kompetansen i karriererettleiing og sosialpedagogisk rådgjeving for rådgjevarane
- Vidareutvikle system for kvalitetsutvikling i dei vidaregåande skolane og lærebedriftene, gjennom å:
 - auke kompetansen i opplæringsavdelinga, skoleleiinga og lærebedriftene innan system for verksemdbasert vurdering og kvalitetsutvikling

3.0 Strategiar for kompetanseutvikling

3.1 Nasjonale strategiar

3.1.1 Nasjonal strategi for vidareutdanning av lærarar 2009/2012

Målsettinga for den nasjonale strategien er å styrke elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta og landsdekkande gjennomføring av vidareutdanning.

Vidareutdanninga skal vere retta inn mot lærarane som profesjonsutøvarar. Det skal gis tilbod om inntil 60 studiepoeng i prioriterte fag og emne, men det skal og vere rom for prioriteringar ut frå lokale behov. Lærarane som tar del i desse tilboda, skal ha reduksjon i sine ordinære oppgåver. Tilgang på kvalifiserte vikarar er derfor ei utfordring som må takast omsyn til.

Delmål for perioden 2009/2012 med særleg relevans for vidaregåande opplæring er:

- *auka kompetanse for lærarar i fag ut frå lokale og nasjonale behov (fysikk, kjemi, yrkesfaglege programfag), fortrinnsvis for lærarar i vidaregåande opplæring, og i praktisk-estetiske fag og rådgjeving*

3.1.2 Nasjonal strategi etterutdanning av lærarar og rådgjevarar

Staten vil leggje til rette for og prioritere studietilbod av høg kvalitet innan *lese- og rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering og bruk av IKT i faga*. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til etterutdanning innanfor desse områda, i tillegg til område som skal imøtekomme lokale behov.

3.1.3 Nasjonal strategi for fag- og yrkesopplæringa

Utdanningsdirektoratet vil sørge for at det blir utvikla etterutdanningstilbod og materiell ved universitet, høgskeolar og andre fagmiljø. Fylkeskommunane kan søkje om midlar til etterutdanning hos Fylkesmannen. Målgruppa er: yrkesfaglærarar, faglege leiarar og instruktørar i lærebedrift, prøvenemnder og klagenemnder for fag- og sveineprøver. Prioriterte område er: *læreplanforståing, vurdering og rettleiing*.

3.2 Lokale strategiar

3.2.1 Breidde i etterutdanninga

Den viktigaste strategien for kompetanseutvikling vil dreie seg om å nå breitt ut. Hovudvekta vil vere på etterutdanning og deling av kompetanse. Ein viktig del av etterutdanninga vil gå føre seg på skolane. For å vere ein lærande organisasjonar må skolane ha aktivitetar på individ-, gruppe – og organisasjonsnivå som heng saman.

For lærarane er det etablert 17 faggrupper med nettverk på It's learning og 17 fagutval (FAU):

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Helse- og sosialfag
- Medium og kommunikasjon
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon
- Særskilt tilrettelagt opplæring
- Formgjeving
- Framandspråk
- Idrettsfag og kroppsøving
- Musikk, dans og drama
- Norsk
- Realfag
- Samfunnsfag og økonomiske fag

FAUane er eit viktige reiskap, og Hordaland fylkeskommune fører vidare systemet med 17 faggrupper og utval. Ei av gruppene er for særskilt tilrettelagt opplæring, som og har ansvar for tilbod om kompetanseutvikling for miljøassistentane. FAU-leiinga har ein tidsressurs for å drifte områda på It's learning og for å arrangere fagsamlingar for lærarane på tvers av skolane. Dette skal fremje ein delingskultur og eit tolkingsfellesskap om læreplanar og vurderingskriterium. FAU vil få føringar frå Opplæringsdirektøren om særskilte satsingsområde. Dei skal og kartlegge lærarane sine behov for fagleg påfyll innafor fagområdet, og gje tilbod til fagkurs i tråd med desse.

Etterutdanningstilbod, som blir utvikla med støtte frå utdanningsdirektoratet, kan skolane ta i bruk til sine interne utviklings- og etterutdanningstiltak. Opplæringsavdelinga vil støtte slike tiltak etter søknad.

Andre grupper ved skolane, som merkantilt tilsette og reinhaldspersonalet, får jamleg opplæring i nye system m.m. i regi av Opplæringsavdelinga og Eigedomsseksjonen.

Skolar med ekstra lang reiseveg til Bergen vil få ekstra reisetilskot i form av styrka budsjett.

3.2.2 Vidareutdanning

Hordaland fylkeskommune vil følge opp den nasjonale strategien for vidareutdanning av lærarar. Det vil vere eit mindre tal lærarar som vil få tilbod om studieplass på desse vilkåra. Utveljinga vil bygge på lokale behov definert av den enkelte skole. Kostnader til vikar vil finansierast delvis av statlege midlar og delvis av fylkeskommunale (Opplæringsavdelinga). Det må og leggjast til rette for å dekke lokale behov som ikkje blir omfatta av statlege tilbod. Opplæringsavdelinga vil inngå avtale med ulike kompetansmiljø om tilbod på ulike prioriterte område. Lærarar som ikkje tilfredsstillar minste kompetansekrav for undervisning i vidaregåande skole, må få høve til å gjennomføre naudsynt vidareutdanning. Det er i utgangspunktet arbeidstakarane sitt ansvar å finansiere slik grunnopplæring. For yrkesfaglærarar som manglar yrketeori, må det bli lagt til rette for at dei kan ta naudsynt fagskole- eller høgskoleutdanning.

Andre grupper enn lærarar er og mål for vidareutdanning. Dette er i hovudsak knytt opp til satsing på elevane si fullføring av opplæringa (Satsing mot fråfall), dvs rådgjevarar og spesialpedagogiske tiltak.

3.2.3 Fag- og yrkesopplæringa

Fagopplæringskontoret har utvikla kurs for instruktørar, prøvenemnder, faglege leiarar og andre med opplæringsansvar for lærlingar og lære kandidatlar. Kursa er eit tilbod til alle lærebedrifter og er også opne for faglærarar i vidaregåande skole for å vidareutvikle samarbeidet skole/arbeidsliv. Det er viktig å også vidareutvikle kursa. Opplæringsavdelinga vil samarbeide med universitet, høgskolar og andre fagmiljø, som utviklar etterutdanningstilbod og materiell innan dei prioriterte områda (læreplanforståing, vurdering og rettleiing).

Det skal satsast på tettare samarbeid mellom skole og arbeidsliv. Arbeidet med oppfølging og opplæring av lærebedriftene skal intensiverast, med tanke på kvalitet og læringsutbytte. Det skal satsast på informasjon til alle aktuelle partar i høve til opplæring i bedrift.

For å sikre fullføring av opplæringa har Hordaland fylkeskommune satsa på fleksibel opplæring mellom skole og bedrift. Framover vil ein arbeide målretta for å auke bruken av lære kandidatordninga.

3.3 Roller og ansvarsfordeling

3.3.1 Staten

- Satse på utvikling av kompetansemiljøa som skal gje primærutdanning, etterutdanning og vidareutdanning til lærarane
- Tilby etterutdanningsmidlar til fylkeskommunen, for skole og lærebedrifter
- Gje gratis tilbod og dekke del av frikjøp for vidareutdanning av lærarar
- Satse på utvikling og kvalitetssikring av kompetansen i lærebedriftene og opplæringskontora

3.3.2 Opplæringsavdelinga

- Ta ansvar for drift av faglege nettverk for lærarane på tvers av skolane.
- Fagsamlingar for utviklingsarbeid, erfaringsutveksling og fagleg oppdatering. Dette gjeld alle grupper der skoleeigar naturleg bør og kan bidra på tvers av skolane, t.d. skoleleiarar, rådgjevarar, lærarar, miljøassistentar, skolebiblioteksansvarlege, merkantilt tilsette og reinhaldspersonale.
- Forhandle fram pakkar for vidareutdanning.
- Dekke del av frikjøp og reiseutgifter til vidareutdanning.
- Stimulere utviklingstiltak som styrkjer samarbeidet i det 13. årige opplæringsløpet.
- Ta ansvar for kompetanseutviklinga for prøvenemndene i fagopplæringa
- Gje tilbod om kompetanseutvikling til instruktørar og faglege leiarar i lærebedriftene
- Gje tilbod om kurs i høve til rolla som lærebedrift
- Ta ansvar for overgripande prosjekt som er knytt opp mot satsingsområda

3.3.3 Skolane, OT/PPT, lærebedrifter/opplæringskontor

- Kartleggje kompetanse for arbeidstakarane, og ha løpande oversyn over kompetansebehovet hos dei tilsette
- Innarbeide tiltak for kompetanseutvikling i eigen utviklingsplan
- Legge til rette for at dei tilsette får tid til fagleg utviklingsarbeid i faggruppene på eigen arbeidsplass og på tvers av skolane.
- Skolane må legge inn tid til kompetanseutvikling i lærarane sine arbeidsplanar
- Dekke eventuelle utgifter til reise og vikar i samband med kompetanseheving, når dette ikkje blir dekkja av Opplæringsavdelinga

4.0 Utviklings- og tiltaksområde for 2009 - 2012

Dette kapittelet gir ei omtale av kompetanseutviklinga innafor dei ulike satsingsområda i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune.

4.1 Lærande organisasjonar

Eit meir kunnskapsintensivt samfunn stiller mellom anna krav til skole og bedrift som lærande organisasjon. Skolane skal ha ein kultur for kontinuerleg læring og utvikling. Det stiller krav til tydeleg og inkluderande leiing. Leiinga må leggje til rette for at alle som arbeider der, kan reflektere over kunnskapen medarbeidarane sit inne med, slik at denne kunnskapen kan blir spreidd og delt. På den måten vil skolane bli gode læringsarenaer for alle. For å lukkast med tilpassa opplæring og inkludering er det avgjerande at ein arbeider for eit læringsmiljø med ei kollektiv orientering. Felles forståing, systematisk elevutvikling og kollegarettleiing er i fokus. Kollektivt utviklingsarbeid vil vere ein sentral del av etterutdanninga av lærarane og andre aktørar i skolen.

For at Opplæringsavdelinga skal bli gode samarbeidspartnar og støttespelar for skolane og lærebedriftene, må organisasjonen utvikle gode samarbeidsformer, nytte medarbeidarane sine kunnskarar og kompetanse, reflektere over og evaluere eiga verksemd. For å gjere avdelinga mindre sårbar, må fleire på avdelinga ha kompetanse til å utføre dei same oppgåvene.

Fagopplæringskontoret har eit særleg ansvar for å vere støttespelar og gje rettleiing og råd til lærebedrifter, opplæringskontor, lærlingar og lærekandidatar. Dei tilsette på kontoret må derfor til ein kvar tid ha oppdatert kompetanse på feltet. Skoleavdelinga må også ha nødvendig kompetanse til å kunne svare på aktuelle spørsmål som gjeld fag- og yrkesopplæringa.

4.2 Leiarutvikling

Frå skoleåret 2008/2009 har alle skolane organisert leiinga i tråd med opplæringsdirektøren sitt vedtak av 7. februar 2007. For fleire skolar inneber dette nye leiargrupper i tydinga nye samansetjingar, med nye roller, oppgåver og ansvar.

Hausten 2008 vedtok fylkesrådmannen ”Strategi for leiarutvikling i Hordaland fylkeskommune 2009-2013”. Her vert godt leiarskap definert ved tre sentrale kjenneteikn; kompetente leiarar, tydelege leiarar og samstemt leiarskap. To prioriterte satsingsområde er valt ut for strategiperioden:

- Leiarutvikling – handlar om å utvikle leiarfunksjonen som eit kollektivt fenomen.
- Leiaropplæring – handlar om å gje leiarane naudsynt faktakunnskap for å skjette leiarrolla.

Leiarutvikling i skolen vil ha grunnlag i ovan nemnde strategidokument. – her med vekt på leiarutvikling. Det vil mellom anna bli gjennomført samlingar for alle leiargruppene og leiarutvikling for alle rektorane.

Den statlege rektorutdanninga starta opp hausten 2009. Dette er ei skoleleiarutdanning for nytilesette rektorar og andre rektorar som manglar slik utdanning. Fire rektorar frå Hordaland fylkeskommune søkte og kom med i første opptak. Hordaland fylkeskommune dekkjer reise- og opphald samt utgifter til studiemateriell. Opplæringsdirektøren ønskjer at fleire nye rektorar søkjer rektorutdanninga til hausten.

4.3 Utvikling av lærarrolla

St. meld. nr.11 (2008-09) ”Læreren, rollen og utdanningen” viser skoleeigarrolla i samband med kvalitetsutvikling i lærarutdanninga, rekruttering av nye lærarar og rettleiing av desse. Meldinga foreslår at alle nyutdanna lærarar skal ha rettleiing frå 2010.

Hordaland fylkeskommune har eit godt samarbeid med Universitetet i Bergen om lærarutdanning gjennom deltaking i Programstyret for lærarutdanning. I tillegg til prosjektsamarbeid mellom UiB og enkeltskolar, er det to samarbeidsprosjekt som begge involverer fleire vidaregåande skolar,

”Partnerskap for profesjonsutvikling” og ”Ny i Hordaland” om rettleiing av nye lærarar. I samarbeid med UiB har vi delfinansiert både vidareutdanning i rettleiing på 15 studiepoeng og ”Ny i Hordaland”.

I 2010 ligg utfordringa i å leggje til rette for rettleiing av nyutdanna lærarar i dei vidaregåande skolane. Det er ønskjeleg at fleire skolar utviklar system for rettleiing og at fleire lærarar kan gjennomføre rettleiingsstudiet ved universitetet.

4.4 Satsing mot fråfall

I Styringsdokument 2009-2011 er auka fullføring av vidaregåande opplæring ei av hovudmålsettingane. Frå 2010 har fylka fått tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet for auka innsats mot overgang mellom grunnskole og elevar på vg1 i vidaregåande opplæring. Eit eige prosjekt er sett i verk for å sjå på overgangen mellom grunnskole og vidaregåande skole i ein region i Hordaland.

4.4.1 Kontaktlærarane

Kontaktlæraren er ein sentral aktør i arbeidet med å førebyggje fråfall. Arbeidet med revidering av retningslinjer for funksjonen og reiskapar for kontaktlærar, m.a. malar for startsamtale og elevsamtale, er gjennomført. I 2010 vil det bli laga planar for regionale kompetansehevingstiltak.

4.4.2 Minoritetsspråklege elevar

Tiltaket med innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar vert vidareført. Tilbodet vert gjeve på seks vidaregåande skolar i Hordaland. Vi har frikjøp av ressurs for dette arbeidet. Det er m.a. naudsynt med satsing på arbeid med læreplan for innføringsklassar.

I tillegg vil vi halde fram med kompetanseheving for norsklærarar med ansvar for minoritetsspråklege elevar. Det er framleis naudsynt å halde fokus på arbeid med nye læreplanar og på nye forskrifter for tilbodet til minoritetsspråklege elevar.

4.4.3 Rådgjeving

Styrking av rådgjevingstenesta har vore eit prioritert område i fråfallsarbeidet. Dei siste åra har ca 30 rådgjevarar fått vidareutdanning med 30 studiepoeng ved Høgskolen i Bergen. Frå hausten 2008 er det eit kriterium for tilsetjing av nye rådgjevarar at dei har gjennomført vidareutdanning eller forpliktar seg til å gjennomføre denne. Saman med Bergen kommune og rådgjevarlaget arrangerer Hordaland fylkeskommune 3 samlingar kvart år for alle rådgjevarane i grunnopplæringa. Samlingane omfattar både yrkesretta og sosialpedagogisk rådgjeving. Tilbodet går ut til rådgjevarar i heile grunnopplæringa.

4.4.4 Senter for yrkesrettleiing - Utdanningsval

Senteret er etablert som eit utviklingstiltak med mål å styrkje samarbeidet i det 13-årige opplæringsløpet. Eit hovudmål er å førebyggje fråfall ved at elevane i større grad vel rett utdanningsløp. Ein del av satsinga er tilbod om kompetanseutvikling og kurs for lærarar i Utdanningsval med m.a. kurs i ”vegen til fagbrev” og om yrkesfaglege utdanningsprogram og programområde. I tillegg vil ein prøve å få i gang kurs for rådgjevarar/utdanningsvalslærarar i individuell yrkesrettleiingsmetodikk.

Det er framleis trong for utvikling av rutinar for koordinering av 60% i faget Utdanningsval, der ungdomsskoleelevar kjem til vidaregåande skolar for utprøving av programfag. Her er det ønskjeleg med pilotprosjekt for utvikling av konsept og logistikk. Dette arbeidet vert sett i gang vinteren 2009/2010 med m.a. utvikling av nettbaserte løysingar.

4.5 Vurdering av elevane si læring

For skoleåret 2010 – 2011 held opplæringsdirektøren fast på å prioritere vurdering av elevane si læring som område som skal ha særskild merksemd. Både sentrale styringssignal og lokale vurderingar ligg

til grunn for dette valet. Alle skolane skal gjennom utviklingsplanane vise korleis dei arbeider med vurdering.

For å heve lærarane sin kompetanse på området, og for å utvikle tolkingsfellesskap vil fagutvala (FAU) arrangere kurs og fagsamlingar om vurdering. Seks skolar deltar i prosjektet "Vurdering for læring". Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom HFK og Universitetet i Bergen, og fokus er å fremme elevane si læring gjennom gode tilbakemeldingar.

Lærarane frå dei tre skolane som deltok i prosjektet "Betre vurderingspraksis", og prosjektleiaren for prosjektet, besøker no andre skolar for å snakke om erfaringane frå arbeidet med vurdering som dei fekk gjennom deltakinga i prosjektet.

Gjennom deltakinga på konferansane om ny vurderingsforskrift der Udir har deltatt, har mange lærarar (800 deltakarar på kurs i januar arrangert av HFK) fått eit godt utgangspunkt for arbeidet med vurdering. Fleire skolar har fått midlar til prosjekt ved skolane der dei har fokus på vurdering; i fleire høve er dette prosjekt også knytt til digital kompetanse.

4.6 Den digitale skolen

Prosjektperioden for Den digitale skolen går ut sommaren 2010. Den digitale skole er likevel framleis eit hovudsatsingsområde for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skoleåret 2009-2010. Prosjektet har vore delt i 3 område: infrastruktur, kompetanse og innhald. Det har vore satsa tungt på å byggje ut adekvat infrastruktur, og spørjeundersøkinga frå mai 2009 syner at mange lærarar har fått kompetanseheving i bruk av digitale verktøy dei siste to åra (92%), men at der framleis er trong for kompetanseheving. Etter kvart som kompetansen hjå lærarar og elevar stig i høve til å nytte digitale verktøy i læringsarbeidet, aukar og etterspurnaden etter adekvate digitale læremiddel. Korleis handtere desse læremidla, då dei er kvalitativt ulike dei tradisjonelle læremiddel, som til dømes bøker, og krev ein anna logistikk, vil vere noko ein må ha fokus på framover.

Hordaland fylkeskommune har bygd opp eit apparat "pedagogisk digitalt støttesystem" (PDS) som går frå skolane, via regionane til Opplæringsavdelinga. Dei som deltek i PDS skal ha høg digital kompetanse slik at dei kan hjelpe kollegaer i til dømes bruk av verktøy, programvare/tenester og metodikk i fag på ulike nivå. PDS er eit viktig system og ein føresetnad for å lykkast med Den digitale skole. Ein del av systemet er at alle skolane har lærarar med funksjon som e-Koordinator, og superbrukarar for It's learning (digital læringsplattform). Desse skal vera ein ressurs for det pedagogiske personalet og skoleleiinga i høve til pedagogisk bruk av digitale verktøy i opplæringa. Kvar region har hatt ein e-Pedagog i 40% stilling, som støttar e-koordinatorane og superbrukarane i den interne kompetansehevinga. Denne ordninga var knytt til prosjektet Den digitale skole, og i samband med at prosjektet vert avslutta vert denne ordninga evaluert. Kva form e-Pedagogrolla skal ha i framtida er det enno ikkje tatt stilling til.

Lærarane får tilbod om skolering i bruk av digitale læremiddel i fag på tvers av skolane. Dette vil vere i regi av FAU-gruppene og e-Pedagogane. Den store konferansen "Dei gode døma", der lærarane og skoleleiarane er primær målgruppe, er ein viktig samlingsplass med nasjonale og internasjonale ressursar i kombinasjon med gode praktiske døme frå det pedagogiske arbeidet. Opplæringsavdelinga vil sørgje for samlingar og kurs for e-Koordinatorane, både regionalt og i Bergen. Det vil òg arrangere kurs og møte for skolane sine superbrukarar (It's learning) og webredaktørar.

Det har vore, og vil framleis vere trong for ulike prosjekt for å prøve ut tekniske, organisatoriske og metodisk/pedagogiske utfordringar. Nokre skolar får gjerne prøve ut i desse på førehand.

Eit program for leiaropplæring i regi av Den digitale skolen i Hordaland fylkeskommune, med lærekrefter frå inn- og utland er under utvikling. Tema er korleis leie organisasjonar i ei tid med nye teknologiske og organisatoriske utfordringar. Tidsrom haust 2010 – vår 2011

4.7 Tilpassa opplæring/spesialundervisning

For å få høg kvalitet i opplæringa treng skolane høgt kvalifisert personale, som har kunnskapar om korleis ein skal gje elevane eit tilpassa opplæringstilbod og/eventuelt spesialundervisning. Det er viktig at personalet har kompetanse som gir grunnlag for å forstå systemet som regulerer skolen sitt spesialpedagogiske arbeidsfelt.

Viktige tiltak er utvikling av kursopplegg saman med OT/PPT og Statped Vest. Det er og eit mål å få utdanna fleire spesialpedagogar, døve- og skrivetolkar og miljøarbeidarar. Det må framover leggjast til rette for at fleire miljøassistentar får ta fagbrev innan relevante utdanningar.

FAU for særskilt tilrettelagt opplæring vil vere sentral kompetanseheving og nettverksarbeid for miljøassistentar og lærarar.

4.8 Fag- og yrkesopplæring

4.8.1 Yrkesfaglærarar

For å sikre yrkesfaglærarar jamleg fagleg oppdatering og påfyll, har Opplæringsavdelinga 9 fagutval (FAU) som sørgjer for jamlege samlingar for lærarane på tvers av skolane. Det er 4 deltakarar i kvar FAU-gruppe, leiar og nestleiar har 20% og 10% tidsressurs for arbeidet. Dei har faglege kurs innafør område som yrkesfaglærarane melder behov. Dei nyttar dyktige faglærarar til kursa, men dei samarbeider òg med bransjar/opplæringskontor og bedrifter som har spisskompetanse på ulike område. Andre viktige område for FAU er læreplanforståing, elevvurdering og eksamen. Praktisk eksamen Vg2/Vg3 i skole er ei ny eksamensform i Kunnskapsløftet. Opplæringsavdelinga har etablert nemnder som skal kvalitetssikre dei ulike eksamensoppgåvene.

4.8.2 Samarbeid skole-arbeidsliv

Det må leggjast opp til forpliktande samarbeid mellom skole og arbeidsliv slik at opplæring i bedrift kan verte ei naturleg vidareføring frå skole, i det 13-årige opplæringsløpet (sjå òg 4.5.4 om Senter for yrkesrettleiing). Døme på dette er praksisplassar i bedrift for elevar som har "Prosjekt til fordjuping". Eit anna døme er utvikling av varige ordningar med hospitering for lærarar, og utveksling av personale mellom skole og bedrift. Kunnskapsinstitusjonane og næringslivet må få møteplassar som kan bidra til tett samarbeid.

4.8.3 Fagopplæringskontoret og Y-nemnda

Fagopplæringskontoret har ei sentral rolle i høve til å gje opplæring og formidle informasjon til dei ulike aktørane i fag- og yrkesopplæringa. Intern oppdatering og organisasjonsutvikling ved kontoret vil derfor vere sentralt. Det vil bli arrangert seminar og konferansar saman med ulike aktørar, som t.d. Y-nemnda og opplæringskontor.

4.8.4 Lærebedrifter

Bedrifter som ønskjer å bli lærebedrift, skal så langt råd, få opplæring ved Fagopplæringskontoret i høve til kva ansvar, rettar og plikter dei har i denne rolla, før godkjenning blir gitt. 150-200 bedrifter søkjer godkjenning pr år, og har ofte lite kunnskap om kva det fører med seg å vere lærebedrift. Lærebedrifter og opplæringskontor skal følgjast opp av fagopplæringskontoret, i form av bedriftsbesøk. Både lærlingar, fagleg leiar og dagleg leiar skal vere til stades på desse møta.

For å betre kommunikasjonen mellom lærebedrifter/opplæringskontor og Fagopplæringskontoret er ei løysing for nettbasert kommunikasjon utarbeidd. Det må satsast vidare på web-baserte løysingar. For at alle dei ulike aktørar skal kunne halde seg oppdatert, må Fagopplæringskontoret si heimeside utviklast vidare.

4.8.5 Instruktørar/faglege leiarar i bedrift/yrkesfaglærarar

Fagopplæringskontoret skal kontinuerleg drive opplæring av instruktørar, faglege leiarar og andre med opplæringsansvar for lærlingar og lærekandidatar. Kursa må kvalitetssikrast slik at opplæringa til ei kvar tid er å jour i høve til styringsdokumenta for opplæring i bedrift. Instruktørkursa blir arrangert både i Bergensområdet og i regionane. Det vil til ei kvar tid vere grovt rekna 2000 instruktørar i fylket, og det er mykje utskifting i denne gruppa. Det er derfor eit kontinuerleg behov for kurs.

Opplæringsavdelinga vil ha fast samarbeid med fagmiljø/tilbydarar som får statleg støtte til utvikling av opplæringstilbod og materiell til bruk ved etterutdanning av aktørane innan fag- og yrkesopplæringa. Desse tilboda kan m.a. vere aktuelle for den enkelte lærebedrift å bruke i si interne kompetanseutvikling.

4.8.6 Prøvenemnder, yrkesutval og klagenemnder

Fagopplæringskontoret har ansvar for å lære opp prøvenemndene slik at dei får kompetanse til å utføre vervet sitt på ein god måte. Nemndene vert oppnemnde for fire år om gongen. Det er særleg behov for opplæring av nye prøvenemnder, men også for oppdatering undervegs i perioden. Det må satsast vidare på opplæring i høve til vurderingsarbeid og kvalitetssikring av fag-/sveineprøve etter Kunnskapsløftet. Hordaland har i overkant av 700 prøvenemndsmedlemmer.

Opplæringsavdelinga må sørgje for skoloring til den fylkeskommunale klagenemnda for fag- og sveineprøvene.

4.8.7 Lærekandidatar og lærlingar med spesielle behov

Dei ulike opplæringsløpa som fører fram til fag- og sveineprøve må gjerast betre kjende, både for lærebedrifter og elevar/lærlingar/føresette.

Det må utarbeidast ein strategi for få lærekandidatorninga til å bli ei tenleg ordning for den enkelte ungdom, og for å få utvida talet på opplæringsplassar. Viktige tiltak vil vere informasjon til skolar, ungdom/føresette og lærebedrifter, og å styrke samarbeidet mellom skole, bedrift og fylkeskommune.

Lærebedriftene skal gjerast betre i stand til å ta imot og gi opplæring til lærlingar med spesielle behov. Godt og formalisert samarbeid mellom ulike instansar vil vere viktig.

4.9 Vaksenopplæring

Vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har rett til slik opplæring frå og med det året dei fyller 25 år. Fylkeskommunen har ansvar for å tilby vaksne vidaregåande opplæring og eventuelt realkompetansevurdering. Vaksenopplæringa omfattar 9 vaksenopplæringssentra fordelt i fylket sine regionar og tel til saman 12 stillingar i ulik storleik. Eit korps på 150 fagkonsulentar gjennomfører realkompetansevurderinga.

Etterspurnaden etter informasjon og karriererettleiing frå vaksenopplæringssentra har auka monaleg dei siste åra. Senterleiarane har soleis behov for betre rådgjevarkompetanse. Tilsvarande har fagkonsulentane behov for vurderingskompetanse. Det er vidare ønskjeleg at lærarar som underviser vaksne har kompetanse innan vaksenpedagogikk.

4.10 Kvalitetsvurdering

4.10.1 Verksemdbasert vurdering i skole

I perioden 2009 – 2012 skal Hordaland fylkeskommune som skoleeigar utvikle eit system for kvalitetsvurdering. Dei viktige elementa i systemet er; skolane si verksemdsbaserte vurdering, system for dokumentasjon og analyse og skoleeigar si oppfølging av skolane. Innan alle desse områda er det behov for utvikling av ny kompetanse både i Opplæringsavdelinga og på skolane. Kompetansehevinga

vil ein søke å nå igjennom regionale samlingar, leiarsamlingar og internt utviklingsarbeid både i skolane og i Opplæringsavdelinga.

4.10.2 Kvalitetsvurdering i fag- og yrkesopplæringa

Fagopplæringskontoret har utvikla eit system for kvalitetsvurdering og oppfølging av lærebedriftene som skal takast i bruk første gong våren 2010 (for kalenderåret 2009). Årsrapportering frå lærebedrifter og opplæringskontor er ei lovbestemt oppgåve. Årsrapporten skal vere ein del av lærebedrifta sitt internkontrollsystem, og inngå i grunnlaget for arbeidet med kvalitet i opplæringa. Rapporteringa vil krevje oppfølging frå fagopplæringskontoret si side. Rapportane skal gjennomgåast, ein må ta møte med dei bedriftene som ikkje er å jour i høve til krava, sette krav til desse og følge opp resultatane.

Lærlingundersøkinga og Instruktørundersøkinga er tenkt å bli årlege undersøkingar, på linje med den nasjonale obligatoriske Elevundersøkinga. Det må lagast ein ny strategi i høve til dette arbeidet, slik at resultatane av undersøkingane gir eit godt bilete av opplærings situasjonen i bedriftene.

Fagopplæringskontoret skal også arbeide førebyggjande, der ein gjennom besøk i lærebedrifter set rutinar og kvalitet knytt til opplæringa, på dagsorden. Det er behov for å lage eit system for dette.

5.0 Prioriteringar for perioden 2010-2011

Prioriteringa byggjer mellom anna på ei undersøking om skolane sine kompetansebehov Opplæringsavdelinga gjennomførte i 2009. Det var undersøkt kva fag/fagområde skolane vurderte som mest aktuelle for vidareutdanning i tråd med den nasjonale strategien Kompetanse for kvalitet. Det var gjennomført ei evaluering av tidlegare plan for Kunnskapsløftet - *Strategiplan for kompetanseutvikling 2005-2008*) Organisasjonane har delteke. Prioriteringane frå 2009/2010 vil i hovudsak halde fram skoleåret 2010/2011.

FAU-gruppene kartlegg og behova for fagleg etterutdanning for lærarane som bakgrunn for sine prioriteringar.

Skolane kartlegg og held sjølv oversyn over kva kompetanse og kompetansebehov skolen har. Skolen sine satsingsområde kan dei innarbeide i eigen utviklingsplan. Det blir sett av ein eigen pott der skolane kan søke om midlar til etterutdanning innan satsingsområda elevvurdering og IKT i undervisninga.

5.1 Etter- og vidareutdanning av lærarar

5.1.1 Etterutdanning av lærarar

- **FAU-gruppene** skal arrangere fagsamlingar i tråd med denne kompetanseplanen og føringane frå Opplæringsdirektøren, dvs. *Vurdering av eleven si læring* og *Den digitale skole*. Dei skal leggje til rette for delingskultur hos lærarane. Arbeidet skal ha ei slik prioritering:
 - Utvikling av vurderingskultur. Kjenneteikn på måloppnåing i faga, og arbeid med konkretisering av læreplanane.
 - Bruk av digital kompetanse i opplæringa. Skolering i bruk av aktuell programvare. Opplæring i, og spreiding av NDLA sine læringsressursar.
 - Etterutdanning i emne som lærarane ber om å få skolering i.
 - Konkretisering av læreplanar for yrkesfag Vg2 og Vg3.
 - FAU-Særskilt tilrettelagt opplæring gir tilbod for både lærarar og for miljøassistentar knytt til særskilt tilrettelagt opplæring.
- **Elevvurdering.** Utviklings- og forskingsprosjekt, samarbeid med universitet/høgskole.
- **Dei gode døma.** Stor konferanse med døme på praktisk bruk av IKT-vertøy i læringsarbeidet.
- **Skolane kan søkje økonomisk støtte** i samband med etterutdanningstilbod innan satsingsområda.

- **Faglegpedagogisk dag, UiB.** Skolane har undervisningsfri slik at lærarane kan delta på forelesingar ved universitetet, og FAU-gruppene arrangerer tilbod til yrkesfaglærarane.
- **Spesialundervisning.** Tilbod frå HiB
- **Reisetilskot** vil bli gitt til skolar som har særleg lang reiseveg til Bergen. Trengs ikkje søkjast.

5.1.2 Vidareutdanning av lærarar

Den nasjonale satsinga på vidareutdanninga av lærarar fører med seg at fylkesmannsembeta får tildelt eit bestemt tal studieplassar innan bestemte fag. I 2010 er det for vidaregåande opplæring i Hordaland særleg yrkesfag (Bygg- og anleggsteknikk, Restaurant og matfag, Teknikk og industriell produksjon, Prosjekt til fordjuping), vurdering i yrkesfaga og grunnleggjande ferdigheiter innan matematikk for å kunne styrkje yrkesrettinga i realfaga. Desse studieplassane er gratis, men vil ha store kostnader knytt til krav om å dekke utgifter til vikar. Då det her er snakk om få studieplassar, vil Hordaland fylkeskommune òg halde fram med andre studietilbod som tidlegare har vore prioritert og finansiert. Dette gjeld særleg utdanning innan tilpassa opplæring og spesialundervisning og rådgjeving. For å nå andre lokal behov, vil skolane kunne søkje å få dekt studieavgift for lærarar som tar vidareutdanning i fag skolen har behov for. Det skal arbeidast for at fleire lærarar kan få fullført yrkest teori ved dei fylkeskommunale fagskolane.

Hordaland fylkeskommune vil ut frå dette gjere ei slik prioritering av fag:

- Yrkesfag i tråd med nasjonale tilbod
- Fysikk
- Yrkesretting av matematikk
- Spesialpedagogikk
- Rådgjeving/karierettleiing
- Rettleiing (av nye lærarar)
- Fagskoletilbod for yrkesfaglærarar utan godkjent yrkest teori, prioritere TIP og BA

5.2 Andre tilsette i skole – støttesystem

Opplæringsavdelinga har eit særskilt ansvar for å sikre felles skolering av andre grupper enn lærarane. Skoleleiarane og rådgjevarane er særleg prioritert, men det er og andre grupper og støttesystem som er viktige for å sikre kvaliteten i opplæringa.

- **Skoleleiarane.** Leiargruppeutvikling, leiarsamlingar, rektorutdanning
- **Kontaktlærarane.** Regional skolering.
- **Miljøassistentar.** Fleire skal få tilbod om å ta fagbrev.
- **Rådgjevarar** Både for ungdomsskolen og vidaregåande. Ungdomstrinnet er ei prioritert målgruppe.
- **Bibliotekansvarlege.** Skolering av fagbibliotekarane. Nettverk for bibliotekansvarlege i regi av fagbibliotekarane.
- **Merkantilt tilsette og reinhaldspersonale.** Fagleg oppdatering i regi av Opplæringskontoret
- **OT/PPT.** Vidareføring av pilotprosjekt for LP-modellen. Kurs og samlingar for innføring av LP-modellen. Lærande organisasjon – eigenutvikling.
- **Opplæringsavdelinga.** Kvalitetsvurdering. Delingskultur (lærande organisasjon).

5.3 Prioriteringar for fag- og yrkesopplæringa

I 2009 vart det løyvd midlar til etterutdanning for aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Målgruppa er faglege leiarar, instruktørar, prøvenemnder, klagenemnder og yrkesfaglærarar. Følgjande område er prioriterte: *Læreplanforståing, vurdering og rettleiing*

Fylkeskommunen vil ut frå dette først og fremst satse på følgjande:

- Konkretisere læreplanane for Vg2 og Vg3 med særleg fokus på vurdering
- Kvalitetssikre lokalt gitt praktisk eksamen for yrkesfag i skole, Vg2 og Vg3

- Samarbeide om dei prioriterte områda, Læreplanforståing, vurdering og rettleiing, med aktuelle fagmiljø, m.a. HiB.
- Samarbeide med fagskolane om yrkesteori for yrkesfaglærarar
- Samarbeid skole – arbeidsliv
- Bransjeretta felleskurs (skole og bedrift)
- Gjennomføring av innføringskurs for nye lærebedrifter
- Nettbasert informasjon og kommunikasjon med lærebedriftene
- Kvalitetsvurdering av opplæring i fag- og yrkesopplæringa
- Vidareføre instruktøropplæringa,
- Vidareføre opplæring av prøvenemndene i høve til Kunnskapsløftet
- Informasjonsarbeid overfor alle aktørar vedrørande lære kandidatordninga, og elevar/lærlingar med spesielle behov.

6.0 Oversikt over tiltak for kompetanseutvikling 2010/2011

Kostnadsramma viser til kostnadane for budsjettåret 2010

6.1 Lærarar

Målområde	Tiltak	Kostnadsrammer
Delingskultur Læreplanarbeid Lokalt gitt eksamen	FAU, frikjøp	5 100 000
	Fagsamlingar/kurs i regi av FAU	
	Felles vurderingskultur	
	Digitale læremiddel	
	Eksamensoppgåver, yrkesfag	
Elevvurdering	”Betre vurderingspraksis” – spreingskonferanse	1 650 000
	Pilotprosjekt og samarbeid m/UiB	
	Konferansedeltaking	
	Søknader frå skolane	
Den digitale skole	Skolering PDS	3 300 000
	Skolering på skolane v/e-Koordinatorar	
	Konferanse ”Dei gode døma”	
	Søknader frå skolane	
Vidareutdanning	Nasjonal strategi Yrkesfag, Fysikk, m.m. 30 studiepoeng	5 020 000
	Vidareutdanning, ulike fag/skolane sitt behov	
	Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	
	Rettleiing 15 studiepoeng	
Reise- og studiestipend	Lærarar kan søke individuelt	960 000
Faglegpedagogisk dag, UiB	Lærarar kan delta på førelesingar ved UiB	
Entreprenørskap/ungdomsbedrift	Rettleie skolane 20 % stilling	
Samarbeid med fagskole om yrkest teori	Lærarar som manglar godkjent utdanning	
Profesjonsutvikling av lærarrolla	Utvikling av lærarrolla m/UiB	500 000
	Ny i Hordaland. Prosjekt m/ UiB	
	Oppfølging av nye lærarar - Pilotprosjekt 1 vgs	
	Matematikkutvikling i nettverk m/NTMO, IMTEC og 2 vgs	
Reisestøtte	Styrke budsjetta til skoler med lang reiseveg	500 000
	SUM	16 530 000

6.2 Andre tilsette i skole – støttesystem

Kostnadsramma viser til kostnadane for budsjettåret 2010

Målområde	Tiltak	Kostnadsrammar
Skoleleiarane		1 370 000
Leiarskapsutvikling	Avdelingsleiarsamling, 2 dg, Pedagogisk leing, vurdering m.m.	
	Regionale samlingar, rektor/leiargruppa	
	Ymse individuelt retta kurs	
Verksemdbasert vurdering	Regionale samlingar	
	Skolebesøk, Opplæringsavdelinga	
Den digitale skole	Digitalt program for skoleleiarar	
Rektorutdanning	Deltaking i tilbodet om skoleleiarutdanning 30 studiepoeng	
Rektorstipend	Stipend til rektorar etter søknad	
Rådgjevingsfeltet		550 000
Kontaktlærarar	Skolering i elevsamtale/startsamtale/oppfølging av elevar	
Rådgjevarane	Vidareutdanning ved HiB, 30 studiepoeng	
	Kursrekke i samarbeid med Bergen kommune Sosialpedagogisk rådgjeving, samlingar	
Utdanningsval Ungd. trinnet og Senter for yrkesretteleing	Seminar om "Vegen til fagbrev"	
	Besøksprogram i ungdomsskolane	
	Individuell yrkesretteleingsmetodikk, 2-dg kurs Utviklingsprosjekt – koordinering av u.skoleelevar i vgs	
Div andre		1 050 000
Miljøassistentar	Fagbrev til fleire	
Vaksenopplæringa	– Vidareutdanning karriererettleing – Felles prioritering av kompetansemål, opplæring innan vurderingsmetodikk (SørVest-samarbeid) Vaksenpedagogikk	
Bibliotekansvarlige	Nettverk, samlingar	
Merkantil tilsette	Fagsamlingar v/Opplæringsavdelinga	
Reinhaldspersonale	Fagbrev til fleire Fagsamlingar v/Eigedomsseksjonen	
OT/PPT	LP-modellen. Prosjekt med to skolar	
	Kurs, samlingar LP-modellen	
Opplæringsavdelinga	Skolering i oppfølging av skolane	
	Eigenutvikling – lærande organisasjon	
SUM		

6.3 Fag- og yrkesopplæringa

Kostnadsramma viser til kostnadane for budsjettåret 2010

Målområde	Tiltak	Kostnadsrammer
Læreplanarbeid	Læreplanar Vg3-yrkesfag	100 000
Samarbeid skole-arbeidsliv	Bransjeretta felleskurs skole-bedrift	900 000
	Kunnskapsinstitusjonane og næringslivet – samarbeid/møteplassar	
	Hospiteringsordning/utveksling av personale mellom skole og bedrift	
	Lokal/regional prosjektsøtte	
	Prosjekt til fordjuping og Utdanningsval, koordinering og database	
Fagopplæringskontoret og Y-nemnda	Skolering i oppfølging av bedriftene	325 000
	Eigenutvikling – lærande organisasjon	
	Samlingar, konferanse, studietur	
Lærebedrifter	Skolering av nye lærebedrifter/opplæringskontor	975 000
	Nettbasert kommunikasjon og informasjon med lærebedrifter og prøvenemnder	
	Kvalitet i opplæring i bedrift	
	Seminar/konferansar for opplæringskontora og store lærebedrifter	
Instruktører/faglege leiarar i bedrift/yrkesfaglærarar	Opplæring av instruktørar, faglege leiarar og yrkesfaglærarar	790 000
	Søknader frå bedriftene	
Prøvenemnder, yrkesutval og klagenemnder	Kurs i høve til Kunnskapsløftet og kvalitetssikring/dokumentasjon av innhaldet i fag-/sveineprøva	2 085 000
	Samarbeid med prøvenemnder i andre fylke	
Lærekandidatar og lærlingar med spesielle behov	Informasjonsarbeid om lærekandidatordninga og læreplassar for lærlingar med spesielle behov. Målgruppe; bedrifter, u.skolar, vgs, elevar, OT/PPT og NAV	675 000
	Rettleiing av instruktørar som har ansvar for lærekandiatar eller lærlingar med spesielle opplæringsbehov	
	SUM	5 850 000

7.0 Finansiering 2010

Kostnader	kroner
Lærarar	16 530 000
Andre tilsette og støttesystem	2 970 000
Fagopplæringa	5 850 000
SUM	25 350 000

Finansiering for 2010	kroner	Kommentar
Statlege midlar vidareutdanning, lærarar	2 250 000	Søknad, svar frå FM april -2010
Statlege midlar etterutdanning, skole	3 250 000	Søknad, svar frå FM juni -2010
Kompetansefond, ubrukte statlege midlar til kompetanseutvikling	4 750 000	
Statlege, ubrukte midlar, fag- og yrkesopplæringa	4 950 000	
Statstøtte, tettare oppfølging	300 000	
Fagleg/pedagogisk verksemd	9 850 000	Frå ordinært budsjett 2010
SUM	25 350 000	

Tiltaka vil bli finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå opplæringsavdelinga sine budsjett. Frå HFK sitt budsjett for 2010 bidrar:

- 520 Pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevar.
 - post for fagleg/pedagogisk verksemd, Digital skole, Senter for yrkesrettleiing (satsing mot bortval)
- 570 Fagopplæring i arbeidslivet.
 - fagprøver og instruktøropplæring.
- 581 Vaksenopplæringa

Midlane dekker aktivitetar for heile 2010. Det er ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skolane. Heller ikkje skolane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning, er rekna med. Desse ressursane er betydelege.

Endringane i den statlege strategien med meir målretta utvikling av kompetansmiljø og tydelegare krav til bruk av dei statlege midlane vil få konsekvensar for finansieringa av tiltaka. Hordaland fylkeskommune vil i 2010 få kraftig redusert statleg finansiering til etterutdanning. Omfanget på etter- og vidareutdanning kan likevel halde fram pga at tidlegare statlege midlar enno ikkje er brukt opp. Kor stort beløp Hordaland fylkeskommune vil få for 2010 er framleis usikkert. Den varige strategien for vidareutdanning av lærarar vil halde fram i fleire år, slik at det blir mindre til etterutdanning. Satsinga på vidareutdanning gir gode høve for lærarar og skole til formell kompetanseheving. For kvar normert halvårseining (30 studiepoeng) gir staten 100 000 til å dekke vikarutgifter, og skoleeigar forpliktar seg til å dekke tilsvarande 100 000. Storleiken på eige utviklingsbudsjett vil derfor vere avgjerande for kor sterkt Hordaland fylkeskommune kan delta i denne satsinga.

Tiltaka vil gå ut skoleåret. Finansieringsplanen over gjeld 2010. Finansieringa for våren 2011 må kome med neste års budsjett og neste års statlege løyvingar. Budsjetteringa vil kome fram i dei årlege rulleringane av kompetanseplanen. Fylkesmannen gir støtte til vidareutdanning for våde haust- og vårhalvåret samstundes.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen
tel 55 23 99 00

www.hordaland.no